



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
03/2016	Valstyret	PS	11.04.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE - 016	16/235

### FASTSETJING AV TID OG STAD FOR FØREHANDSRØYSTING

#### Vedlegg:

Brevstemming utenriks og innenriks ved folkerøysting

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Valstyret godkjenner at førehandsrøystinga skal føregå på Kundetorget i heradshuset i perioden 23. – 26. mai 2016.

Opningstider:	
23.05. – 24.05.	0800 - 1500
25.05. – 26.05.	0800 - 1900

#### Førehandsrøysting på institusjon:

Det vert lagt til rette for førehandsrøysting på Daletunet og Vaksdal sjukeheim onsdag 25.05. kl. 1000 – 1200.

#### Ambulerande røysting:

Frist for å søkja om å få røysta til ambulerande røystemottakar vert sett til fredag 20.05. kl. 1200.

#### Brevrøysting:

Valstyret godkjenner at det skal vere mogeleg å avgje brevrøyst både utanriks og innanriks for valjarar som ikkje er i Vaksdal kommune i perioden for førehandsrøysting og på valdagen.

### Valstyret - Sak 03/2016

#### **VAL - Behandling:**

Valstyret ba om at informasjon om brevrøysting vert trykt på valkortet, og at informasjon om folkerøystinga vert sendt som sms-varsling.

Samrøystes vedtak.

## **VAL - Tilråding/Vedtak:**

Valstyret godkjenner at førehandsrøystinga skal føregå på Kundetorget i heradshuset i perioden 23. – 26. mai 2016.

<b>Opningstider:</b>	
23.05. – 24.05.	0800 - 1500
25.05. – 26.05.	0800 - 1900

### Førehandsrøysting på institusjon:

Det vert lagt til rette for førehandsrøysting på Daletunet og Vaksdal sjukeheim onsdag 25.05. kl. 1000 – 1200.

### Ambulerande røysting:

Frist for å søkja om å få røysta til ambulerande røystemottakar vert sett til fredag 20.05. kl. 1200.

### Brevrøysting:

Valstyret godkjenner at det skal vere mogeleg å avgje brevrøyst både utanriks og innanriks for valjarar som ikkje er i Vaksdal kommune i perioden for førehandsrøysting og på valdagen.

## **Saksopplysningar:**

I samsvar med framlegg til vedtak i kommunestyret sitt møte 11.04., vert det lagt til rette for førehandsrøysting i perioden 12. – 26. mai 2016. Førehandsrøystinga skal føregå på Kundetorget i heradshuset, som ved ordinære val.

Det vert og opna for førehandsrøysting på dei to institusjonane i kommunen, i samsvar med § 8-3 (2) i vallova, samt ambulerande røysting i samsvar med § 8-3 (6).

Ved folkerøysting er det berre høve til å røyste i Vaksdal kommune. Det vert difor tilrådd og opne opp for brevrøysting både utanriks og innanriks for veljarar som ikkje kan førehandsrøyste eller røyste på valdagen. Framlegg til prosedyre for brevrøysting ligg ved.